



Olje og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
0411944 - 172 KM	
DATO - 2 MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

EV  
EAM

Vår ref.  
05/00137-006/KKV

Arkivkode  
S10

Dykkar ref.

Dato  
01.03.2005

**MELDING OM VEDTAK  
HØYRING NOU 2004: 26 HEIMFALL**

Kommunestyret handsama i møte 28.02.2005 sak 0013/05. Følgjande samrøystes vedtak vart fatta:

Kommunen krev at NOU 2004:26 vert lagt til sides og at det vert sett i gang ein liknande utgreiingsprosess som då konsesjonslovene og petroleumsregimet vart innført.

Saksutgreiing ligg ved til orientering.

Rett utskrift:  
Vanylven kommune

*Kåre Kvangarsnes*  
Kåre Kvangarsnes

Kopi til: Kommunenes Sentralforbund, Postboks 1348 Vika, 0114 OSLO  
LVK v/Advokatfirmaet Hjort DA, Postboks 471 Sentrum, 0105 OSLO

## SAKSOPPLYSNINGAR:

Heimfallutvalet si utgreiing er sendt til høyring med frist seinast 1 mars 2005.

KS har i brev av 29.12.2004 sendt ut "Hjelp til arbeidet med høring av forslag til endringar i reglene om heimfall": Dette er sendt til kommunene.

Mindretalet i utvalet, representantane frå LO, LVK (Landslaget for vasskraft kommuner) og KS, har gjennom KS sendt ut sine synspunkt til kommunene.

Endeleg har eg teke ut frå KS sine heimesider ei god innføring i saka, jfr vedlkegg

Vidare frå KS sine heimesider har eg lagt ved den siste utviklinga i saka, jfr vedlegg.

Den siste utviklinga er at professor dr juris Finn Arnesen har kome med ei utgreiing som slår føtene unna ein del av grunnlaget for Heimfallsutvalet.

Dette er lagt ut på LVK sine heimesider

## VURDERING:

**Den norske vasskraftproduksjonen er ein evigvarande ressurs som har innverknad på livet for alle nordmenn kvar dag heile livet. Den er avgjerande for svært mykje av vårt næringsliv og konkurransekraft.**

**I verdi er vasskrafta kanskje større enn olje og gass. Enkelte hevdar at den er meir verdt enn all annan norsk industri til saman.**

Det er på denne bakgrunnen skremande å sjå kor dårleg rettsleg fundamentert NOU 2004:26 synest å vere.

Det er skremande å sjå at statens representantar er viljug til å ta risikoen på å la store deler av den norske kraftproduksjonen vere utan offentleg eigarskap og styring i ei perioda på opptil 75 år som er den føreslegne heimfallstida. 75 år er ¾ av den tida Noreg har vore eigen nasjon eller 2.5 generasjonar. Ein kan risikere utanlandsk eigarskap utan interess for det norske samfunnet.

Det er også skremande å sjå kor lettvindt det er for staten sine representantar i fleirtalet å føreslå at staten *vederlagsfritt* skal overta 48 % av den norske vasskraftproduksjonen.

Det er også ganske lettvindt å føreslå at dei som er konsesjonærar på heimfallstidspunktet skal få overta deler av produksjonen til odell og eige. Teke frå kommunesektoren og gjeve til private.

Eit heimfall som skissert av fleirtalet i NOUen vil også føre inntekter til Staten frå distrikta. Ei slik tapping av inntekter frå distrikta vil kunne få stor negativ effekt for dei same distrikta. Kapitalmangel er ein av dei største hindringane for vekst i distrikta

Ein bør i denne saka kunne krevje ei like grundig utgreiing som då konsesjonslovene og petroleumsregimet vart innført. Saka no bør difor utsettast.